



## Statens vegvesen

LINDÅS KOMMUNE

Felles postmottak Kvernhusmyrane 20

5914 ISDALSTØ

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/telefon:  
Marianne Skulstad / 55516253

Vår referanse:  
18/98498-13

Dykkar referanse:

Vår dato:  
30.10.2019

### **Spørsmål knytt til godkjenning av reguleringsplan for Lindås barnehage – Gnr. 108 bnr. 283 – PlanID 1263-201803 i Lindås kommune**

Vi syner til brev frå Fylkesmannen i Vestland, datert 13.05.2019, med samordna uttale med motsegn til reguleringsplan for Lindås barnehage. Vi viser vidare til nabovarsel om oppstart av byggjearbeid for barnehagen, motteke frå HLM Arkitektur AS den 28.10.2019.

Statens vegvesen bad Fylkesmannen fremme motsegn til reguleringsplan for Lindås barnehage i vårt brev datert 15.02.2019. Dialogmøte vart deretter halde hjå Fylkesmannen den 12.04.2019, og samordna uttale vart sendt til Lindås kommune den 13.05.2019.

Statens vegvesen har ikkje vore kontakta av Lindås kommune om denne saka, etter dialogmøtet hjå Fylkesmannen. Vi har heller ikkje kjennskap til at Fylkesmannen har trekt motsegna mot reguleringsplanen.

I kommunens sakssystem ser vi at kommunen eigengodkjente reguleringsplanen i møte den 31.05.2019. Planvedtaket er ikkje oversendt til Statens vegvesen for klagevurdering.

Statens vegvesen stiller spørsmål ved om kommunen har heimel til eigengodkjenning av reguleringsplanen når det føreligg statleg motsegn. Vidare ber vi om at kommunen sender planvedtaket over for klagevurdering, og legg ved ei oversikt over endringane som er gjort i plandokumenta etter offentleg ettersyn. Vi føreset at kommunen ikkje starter arbeid med barnehagen før reguleringsplanen er formelt godkjent.

Plan og forvaltning Bergen  
Med helsing

Sindre Lillebø  
seksjonssjef

Marianne Skulstad  
senioringeniør

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Postboks 43  
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Nygårdsgaten 112  
5008 BERGEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Postboks 702  
9815 Vadsø

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Kopi

FYLKESMANNEN I VESTLAND, Njøsavegen 2, 6863 LEIKANGER

HLM Arkitektur AS, C.Sundts gate 1, 5004 BERGEN

HORDALAND FYLKESKOMMUNE, Postboks 7900, 5020 BERGEN